

HAUGALAND KRAFT NETT AS  
Postboks 2015  
5504 HAUGESUND

Vår dato: 23.03.2021  
Vår ref.: 201913020-24  
Arkiv: 611  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Sondre Moe Knudsen  
22959303/somk@nve.no

## **NVE har gjeve Haugaland Kraft Nett løyve til 132 kV kraftledning over Stokksundet**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Haugaland Kraft Nett konsesjon for bygging/utviding og drift av to ca. 1,5 km lange 132 kV sjøkablar over Stokksundet, samt ein ca. 290 meter lang luftledning frå landtak på Stord til eksisterande masterekke. Bakgrunnen/grunngevinga for vedtaket er betre at dei eksisterande kablane har nådd sin tekniske levetid. Tiltaket vil dermed betre forsyningssikkerheita i området.

Konsesjonsdokumentet, notatet ”Bakgrunn for vedtak” av i dag og kart som syner tiltaket er tilgjengeleg på NVE sine nettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Denne orienteringa vert sendt til alle høyrings- og orienteringsinstansar. Den allmenne høyringa, offentlege møte og møte med lokale og regionale styresmakter er ein sentral del av NVE si konsesjonshandsaming. Gjennom denne prosessen, der einkvar har høve til å kome med innspel og synspunkt, skal NVE sikre at alle sider ved saka er gjort reie for. Vi har no gjeve konsesjon og takkar for alle innspel og kommentarar som har kome i den allmenne høyringa.

### **Klage**

Det er mogeleg å klage på avgjerda, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg, økonomisk eller faktisk tilknytning til saka og organisasjonar som representerer interesser som vedtaket får verknader for) har rett til å klage på vedtaket. Å gje uttale eller på annan måte verte orientert om saka gjev ikkje i seg sjølv rett til å klage på avgjerda.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Med helsing

Lisa Vedeld Hammer  
seksjonssjef

Sondre Moe Knudsen  
førstekonsulent

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



## Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplýse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagd på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltningsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*